

# NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE

Sogndal 8/8-2011

NVE postboks 5091, Majorstua 0301 Oslo

## FRÅSEGN OM "SØKNAD OM KONSESJON FOR VIGDØLA KRAFTVERK"

Vi har motteke denne søknaden og har fylgjande kommentar: Elva Vigdøla renn gjennom Vigdalen, som er ein sidedal til Jostedalen i Luster i nedre del av dalen, og møter der hovudelva Jostedøla. Vigdalen er ein vakker og særmerkt dal, og elva Vigdøla er ein viktig del av dette landskapet med sine rolege strekningar, fossar og stryk. Vi meiner difor at denne søknaden ikkje må godtakast av fleire årsaker, og det gjeld m.a. dersom ein søknad frå Statkraft om utbygging av vestsideelvane i Jostedalen skulle få konsesjon. I ein slik situasjon ville også ei utbygging av Vigdøla vere heit urimeleg, og det ville vere svært få "urørte" vassdrag igjen i Jostedalen. NVE må såleis også sjå desse to søknadene i samanheng, og vi ser det slik at Statkraft i desse to sakene ikkje har utmerka seg med å vise "magamål" i si jakt etter vassdrag og kraftutbyggingar.

## OMSYNET TIL LANDSKAPET OG FRILUFTSLIV I VIGDALEN

Elva Vigdøla er såleis ein viktig del av landskapsopplevinga her ved inngangen til Vigdalen, og ei minstevassføring og bygging av tersklar kan ikkje kompensere for "tapet" av vatn i elva. Det gjer elles ikkje saka betre at tidlegare i samband med bygging av Josedal kraftverk er ein del av vatnet i elva ført inn i overføringstunellen til kraftverket. Det kan elles vere rett at ein del av elva er lite synleg i området frå inntaket til samlaupet med Jostedøla, men her er og godt synlege parti. Dette er også inngangen til Vigdalen, som er mykje nytta til friluftsliv både av folk frå bygda og turistar med turuter inn i Breheimen. Vi kan difor ikke forstå at ei kraftutbygging her har "liten negativ konsekvens" for både landskap og friluftsliv, slik det vert påstått i søknaden.

## ANDRE NEGATIVE FYLGJER AV EI KRAFTUTBYGGING I VIGDØLA

Denne konsesjonssøknaden gjeld ei relativt stor kraftutbygging med ein produksjon på 48 GWh pr. år. Konsesjonssøknaden hevdar at det den kallar "produksjonsvinsten", dvs. inntekter til grunneigarar, næringsliv, kommunen osv., er stor i forhold til dei "små" naturinngrepa. Vi

meiner derimot at konsekvensane både for landskap, naturmiljø, friluftsliv er så store at det ikkje må gjevast konsesjon. Det er og, etter det vi forstår, ganske stor lokal motstand mot dette prosjektet. Dette heng saman med dei negative sidene ved utbygginga som vi har nemnt, men også med at redusert vassmengde skal gå ut over fisket i elva og naturmiljøet i det store og heile. Det er også dei som meiner at ein i Jostedalen har bygd ut så mykje vasskraft at ein no bør seie nei til fleire kraftutbyggingar før all vassdragsnatur er gått tapt.

Helsing Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane ved nestleiar Jon Farestveit, 6856 Sogndal

,